KVINNHERAD KOMMUNE
02 DES. 2010
Arkivsaknr. 10/3891 | Dok nr.
Arkivkode P | Saksbeh. JHK
Arkivkode S | Kopi:

Kvinnherad kommune

*Saksmappe Saksbehandlar*

2010/3891-2 Kjartan Thoresen

## Planavklaring - 12/39-46 – utviding av industritomt - Ølve - Ølve Industrier

**Søkjar:** Ølve Industrier as

**Planavklaring:**
Omsøkt utviding på arealet til Ølve industrier as er ikkje i strid med gjeldande kommunedelplan for området. Planen frå 1989 er laga i målestokk 1:20 000, og det er eit tolkingsspørsmål når ein går ned på tomtegrensenivå. I dette tilfellet er heile det landarealet som Ølve Industrier eig vurdert som industriareal, noko som er vidareført i arbeidet med ny kommunedelplan for området. Sjøarealet er ikkje planlagt i gjeldande plan.

Byggje- og deleforbodet i strandsona gjeld ikkje på det omsøkte arealet ettersom landarealet har byggjeføremål i planen. Denne vurderinga er òg stadfesta gjennom arbeid med ny kommunedelplan.

Ettersom det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med gjeldande plan eller intensjonane med ny plan som er under arbeid, krev ikkje dette tiltaket noko vidare handsaming planmessig. Byggjesakskontoret handsamar saka vidare.



Figur 1: Gjeldande kommunedelplan.




Figur 2: Kommunedelplan under arbeid.